

Torsdag
28/1-2010

Industrieventyr med tiårsjubileum

Siste nytt

Arkiv

Ting lysingar

Ting VTB

Kontakt

Lenkjer

Gjestebok

PDF-nedlasting

VTB.no
Vest-Telemark Blad
Postboks 33
3836 Kviteseid
Tlf. 35 06 88 00
Faks 35 05 31 71
SMS/MMS: Kodeord VTB til 1963
E-postadresser:
redaksjon@vtb.no
annonse@vtb.no

Utgjevingar:
Tysdag, torsdag og laurdag



Fire glade Vinje Industri-karar frå Vinje. F.v. Jon André Andersen, Olav Hommo, Anund Vaa og Kenneth Vaa.

Suksessbedrifta Vinje Industri såg dagens ljøs for ti år sidan. Fem tilsette har blitt til langt over hundre i løpet av dei få åra.

Randi Berdal Hagen
redaksjon@vtb.no

Omsetningsauken i løpet av det siste tiåret har vore formidabel. Ei omsetning på 200.000 i 2000 har stige til vanvittige 200 millionar berre på dei ti åra.
– Det er klart det er moro å vere ein del av ei slik utruleg utvikling, seier Jon André Andersen, tilsett i den suksessrike bedrifta.
Utviklinga er det Jostein Hauge frå Vinje som er ansvarleg for. Han er dagleg leiar og grunnleggjar av Vinje Industri. Saman med mellom anna produksjonsleiar Per Fagerli har han bygd opp bedrifta til å bli ei av dei største og beste på sitt felt.
Sjefane er populære blant arbeidskarane sine. Mykje av grunnen til det ligg i at dei ikkje er slipsmenn, men stort sett er å sjå i kjeledress og hjelm.
– Dei er med oss på oppdrag, og dei skrivar like mykje som me gjer. At dei er like mykje ute i felten som oss, blir lagt merke til i miljøet, seier Andersen.

Unik arbeidsmoral

I fylgje seg sjølv er Andersen, som mange av dei tilsette i Vinje Industri, så og seie sjølvlært innan hydraulikk og mekanikk. Han er utdanna energimontør, men har blitt lært opp i nye fagfelt etter kvart som vegen har blitt til. Dei fleste av dei tilsette har fagbrev i mekaniske eller elektriske fag.
Jon André kjem frå Rauland i Vinje. Vinbyggjar er òg Kenneth Vaa, Olav Hommo og Anund Vaa. Det er ikkje tilfeldig.
– Det er ikkje for ingenting at dei plukkar vesttelar til å arbeide for seg. Vesttelar er vane med å arbeide, og greier å ta sjølvstendige avgjersler. Arbeidsmentaliteten er unik, og Vinje Industri tilset bygdefolk fordi dei veit kva dei får. Om lag 60 prosent av dei tilsette kjem frå Vest-Telemark, seier Anund Vaa, som i fylgje dei andre er «kontorrotte» i hovudkvarteret i Kristiansand.
Han fortel at Vinje er den kommunen i Noreg med det høgste talet på offshorearbeidarar om ein ser det i høve til folketalet.
– Ja, ute på plattformene kallar dei Vinje berre for subsea-land, legg Jon André til.
For dei uinnvigde: Subsea referer til det som skjer under havoverflata på ein borerigg, og dermed også alt av utstyr som finst der og dei som jobbar med slikt utstyr. At alt av utstyr her er i tipp topp stand er svært viktig for å unngå oljelekkasjar og såkalla blow-outs.

– Røft, men kameratsleg

Arbeidsmiljøet er godt. Mange av dei tilsette kjenner kvarandre frå før, og viss ikkje blir ein fort kjent når ein arbeider saman tolv timar om dagen. Det er eit godt samhold blant karane, meiner dei fire.
– Miljøet kan vel karakteriserast som røft, men kameratsleg, meiner Anund.
– Det er fint å jobbe med trivelege folk, og i Vinje Industri finst det mest ikkje anna, meiner Jon Andre.
Han er like gamal som Kenneth og Olav. Dei har gått i klasse saman i alle år, jobba saman lenge, og er mykje i lag på fritida. Kenneth held på å bygge hus rett ved sidan av Jon André sitt, i det som kan kallast det nye offshorebyggefeltet i Rauland.
– Blir de ikkje lei kvarandre, då?
– Nei, aldri. Me har nok å finne på, gliser gutane.

Sluttar ikkje

Arbeidsmengda er til tider svært stor for dei tilsette i bedrifta. Dei kan vere ute lenge av gongen, og det er ikkje alltid dei veit når dei må ut att.
– Korleis let det seg kombinere med kjærast og familie?
– Nei, du ser vel ikkje eit einaste kvinnfolk her, spør Jon André og kikkar seg rundt i stova i det nybygde huset sitt.

Aktuelle saker:

28/01-10:
Tregng mange nye tilsette
28/01-10:
– Koyr forsiktig!
28/01-10:
Industrieventyr med tiårsjubileum
26/01-10:
Tilrår konsepsjon utan buplikt på Austre Nape
26/01-10:
Vassfylt helg for unge talent
26/01-10:
Slått ut i kvartfinalen
23/01-10:
Solidaritetskonsert for Haiti
23/01-10:
Vil lære mobbarane å oppføre seg
23/01-10:
Slåss vidare for eige lensmannskontor



- Det er vel ikkje eit utprega familievenleg yrke nei, men det gjeng det òg. Ein må berre legge ting litt meir til rette for oss som ikkje berre har oss sjølve å tenke på, supplerar Ånund.
- Eg kjem no ikkje til å slutte, same kva som skjer, slår Jon André fast.

Myter?

Det gjeng mange historier om oljegotane frå Vinje rundt i distriktet. Ein høyrer om storkarar som tek drosje frå Gardermoen og heim, og om digre månadsløner som forsvinn i løpet av ei friveke. Men når VTB spør gutane om dei vil fortelje nokre av historiene, berre ler dei og kikkar på kvarandre. Så blir det stille. Det er visst ikkje alt som eignar seg på trykk, meiner dei.

- Men den om shortsene kan du vel ta, oppmodar Ånund Jon André til, og det kan Jon André.
 - Jostein Hauge skuldar meg ein shorts! Då eg gjekk av vakt ein dag og skulle heim, fann eg shortsene min pressa i hop i ei slangepresse. Dei hadde stappa shortsene min inni ei metallhylse og pressa hylsa saman. Eg måtte bruke vinkelslipar for å få ut shortsene, og når eg endeleg fekk han ut var han holete og fæl, heilt oydelagd. Det var moro, vettu, fortel Jon André engasjert.
 - Som du kanskje skjonar, så har me nokre maskotar i dette firmaet, smiler Ånund, og kikkar lurt bort på Jon André.
- Fleire historiar får ikkje VTB denne gongen.
- Men du kan jo skrive at me er «livets glade gutter», då, ler jamaldringane Kenneth, Olav og Jon André .

Sjefen sjolv

Jostein Hauge frå Vinje er mannen bak Vinje Industri, og har tittelen dagleg leiar i firmaet. Han starta i oljebransjen i 1993, då han fekk jobb i Smedvig. I 2000 fann han ut at han måtte ha noko meir å drive med, og starta opp Vinje Industri, samtidig som han heldt fram i Smedvig.

- Det blei for mykje fritid for meg, så eg måtte ha noko meir å drive med, seier han om årsaka til oppstarten.
- Hauge bygde gradvis opp firmaet, som hadde ei omsetning på 200.000 i oppstartsåret, og i 2004 slutta han i jobben hos Smedvig for å satse for fullt på Vinje Industri. I fjor hadde firmaet ei stipulert omsetning på om lag 200 millionar. Omsetninga frå 2000 er altså tusen gonger større i 2009. Men det har både Hauge og dei tilsette jobba hardt for.
- Kor mykje har du jobba for dette, trur du?
- Nei, det har no blitt nokre timar. Eg har sjeldan meir enn fem dagar ferie kvart år, og arbeider vel 320-330 dagar i året. Eit par årsverk, tenker eg, seier Hauge med noktern røyst.
- Eg er mykje ute der det skjer fordi eg meiner det er viktig med nærleik til kundane. Det blir ikkje det same med ei telefonsamtale, slår han fast.
- Sjefen er svært nøgd med arbeidsstokken sin.
- Dei er fantastiske, trivelege folk og veldig flinke til det dei driv med. Folk i Vest-Telemark har spesielt god arbeidsmoral, meiner Hauge.
- Han har ikkje tenkt å slå seg til ro med veksten firmaet har hatt til no.
- Framover satsar me endå meir mot landmarknaden. Me vil få ein fot innanfor i kraftindustrien, og det er det nye satsingsfeltet vårt no, seier han.

Lærlingar

Vinje Industri tek inn tri-fire lærlingar i året, opplyser Ånund Vaa. Desse rekrutterer dei gjerne frå Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen, der dei har ei såkalla TIP-linje innan mekaniske fag. TIP står for teknisk industriell produksjon.

- Ole Gunnar Lie (21) frå Åmot var lærling i Vinje Industri, og har halde fram i bedrifta sidan. Han er svært nøgd med lærlingtida si.
- Det var veldig fint. Eg fekk prøve mykje variert arbeid, reiste mykje og jobba saman med mange forskjellige folk, seier han.
- Var det litt skummelt i starten, når du kom inn i det litt røffe miljøet?
- Nei, det var ikkje det. Eg jobba nesten bare med kjentfolk i starten – ein haug med galne raulendingar, ler Ole Gunnar.
- Dei sju-åtte lærlingane som er i Vinje Industri no, er litt rundt omkring på ulike oppdrag. Så vidt eg veit er alle desse rekruttert frå Vest-Telemark vidaregåande, seier Lie, som har vore stasjonert i Kristiansand dei siste åra.

Artikkelen er publisert 28/01-2010